

Har diktarane skote seg sjølve i foten?

Dag og Tid
11.11.2016

POESI
ELDAR HEIDE
BERGEN

Diktet som kunstform har gjennom fleire tiår fått stadig veikare fotfeste i ålmenta. Det er det mange grunnar til. Éin er den stadig skarpere konkurransen frå alle slag biletmedia. Kan éin av grunnane òg vera at diktarar og litteraturkritikarar har vendt ryggen til rim og formfaste vers?

I Dag og Tid 21. oktober peika Håvard Rem på at medan «eit modernistisk og tradisjonalistisk uttrykk lever side om side i dei fleste kunstnarlege og litterære felt», så er det slik i lyrikken at «modernismen [har] monopolisert all kulturell anerkjening». Når Bob Dylan likevel kan få Nobelprisen for tra-

disjonalistiske dikt, som «den fyrste [...] sidan han sjølv debuterte for 55 år sidan», så er det fordi han syng dikta sine og derfor slepp unna monopolet.

Men boklyrikken taper altså mot andre kulturuttrykk. Trass i nyskapningar som poesislam har bibliotekutlånet av lyrikk gått ned gjennom fleire tiår. Kan dagens poetiske form vera litt av årsaka? Tradisjonelt har den faste forma vore eit av lyrikkens konkurransefortrinn, fordi eit dikt med rim og rytme lettare gjer inntrykk og blir hugsa. I norrøn tradisjon var denne funksjonen til rimet uttrykt i sjølve terminologien. Framleis snakkar vi om *rimstavar* og *stavrim* i norrøn diktning, som i utgangspunktet berre var allittererande. Stod ein rimstav åleine i ei linje, var det

ein *höfuðstafr*, altså hovudstav, og der det skulle vera to, vart dei kalla *stuðlar*, altså støttestavar. Dette inneber at strofa vart jamført med ein stavbygd trebygning: Allitterasjonen er stavane / stolpane, som held strofa oppe og som resten er bygd ikring.

I *Sonetapet* kallar Egil Skallagrímsson det han lagar diktet av for «dikttømmer». Endå tydelegare ser vi tankegangen hos islendingen Einar Benediktsson tidleg på 1900-talet, i eit dikt der han prøver seg innanfor den islandske seinmellomalderjangeren *rimur*. Den har både stavrim og enderim, og dessutan innrim, og ofte eit omkved der dikteren kommenterer si eiga diktargjerning. Han konkluderer slik: «Falla tímans völdug verk / varla falleg бага /

snjalla ríman stuðla sterk / stendur alla daga». Fritt omsett: 'Vår tids mektige og staselege byggverk kjem til å falle, men det dyktig laga diktet, solid av rimstolpar, blir ståande for alltid'. Dikt kan sjølv sagt gjera sterkt inntrykk utan bunden form òg.

Hauge-diktet «Det er den draumen» er eit naturleg døme, sidan det nyleg vart kåra til Noregs beste dikt gjennom tidene. Men med to effektfulle verkemiddel mindre (rim og fast rytme) er det *vanskelegare* å skapa eit dikt som gjer inntrykk – i alle fall når det ikkje lenger finst ein formfast tradisjon som står så sterkt at ein oppnår effekt med å bryte han. Spørsmålet blir då: Har diktarane skote seg sjølve i foten?

Eldar Heide er fyrsteamanuensis i norsk ved Høgskolen i Bergen.